

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskå

Dykkar ref:  
Vår ref: 2021/255437  
Dato: 21.01.2022  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## UTTALE TIL INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR SØRE SUNNMØRE FOR KOMMUNENE VANYLVEN, SANDE, HERØY, ULSTEIN OG HAREID

Vi viser til brev frå Vanylven kommune 3. november 2021, Sande kommune 1. desember 2021, Ulstein kommune 2. desember 2021 og frå Hareid kommune 29. november 2021, vedkomande interregional kommuneplan for sjøarealet. For Herøy kommune har vi ikkje motteke brev, men vi fann informasjon om høyringa på kommunens nettsider. Fristen for uttale er frå avsendar sett til 21. januar 2022.

### Mattilsynet si rolle

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkande forvaltingsorgan som er med å sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevann. Vi skal fremje folke-, plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvenleg produksjon og etisk forsvarlig hald av fisk og dyr. Mattilsynet har òg oppgåver knytt til kosmetikk og legemiddel, og fører tilsyn med dyrehelsepersonell (veterinærar og fiskehelsebiologar).

Mattilsynets oppgåver er å utarbeide forslag til, forvalte og rettleie om regelverk, føre risikobasert tilsyn, spre informasjon og kunnskap, og å være ein bereidskapsorganisasjon. Mattilsynet skal gi faglige råd til Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Her er vår uttale til plankartet for kvar kommune

### Vanylven

Det er viktig at det ikkje blir etablert annan aktivitet i sjøarealet som kan være til hinder for opplasting av fisk via brønnbåt frå landbaserte lokalitetar med lok.nr. 12223 Videild og 12235 Sighaug. Dei har òg inntaksledningar og utsleppsrør i sjøarealet.

### Hareid

VA 103 er avsett til framtidig akvakultur. Vi ber dykk være merksam på at vår rettleiar for etableringssøknader av matfisk laks, regnbueørret, sier at avstand mellom matfiskanlegg i sjø og

lakselakteri skal være minst 5 km. Avstanden mellom det avsette området og lakselakteriet Western Seaproducts på Vartdal er om lag 4 km.

Det går an i ein søknadsprosess å gjere unntak dersom strømodellering sannsynleggjer liten vannkontakt og liten risiko for smittespreiing.

Men dersom det blir søkt om akvakultur i områder som ligger nærmare enn Mattilsynets anbefalingar i rettleiar, kan det bli avslag på søknaden, noko som medfører at akvakulturanlegget ikkje kan etablerast.

Lukka eller semi-lukka matfiskanlegg i sjø og sjøvassbaserte matfiskanlegg på land utan desinfeksjon av inntaks- og/eller avløpsvatn skal i vurderast ut frå dei same kriteriane som merdbaserte matfiskanlegg i sjø. Dei anbefalte minsteavstandene kan reduserast dersom anlegget desinfiserar inntaks- og/eller avløpsvann.

### **Ulstein**

Ingen kommentar.

### **Sande**

Det er anmerka fleire lyserosa felt som de har oppgitt som noverande akvakultur. Dette stemmer ikkje. Dei einaste noverande akvakulturanlegga er matfisklokalitet for laks 13246 Voldnes og ein lokalitet for hummer på land, 22675 Korsneset. Det foreligg ein søknad om ein annan matfisklokalitet, men denne er ikkje avklart enno. Difor foreslår vi at de brukar ein fargekode som betyr framtidig akvakultur.

De har avsett fleire områder som ligg i nærleiken av kvarandre. De bør være merksam på Mattilsynets avstandsbegrensninger mellom lakselokalitetar. Til dømes er anbefalt minsteavstand på 5 km i sjø mellom matfiskanlegg (laks) utenfor koordinerte brakkleggingsområder. Dersom ein skal kunne innvilge søknader som ligger mindre enn 5 km fra kvarandre må de ha koordinert brakklegging, dvs minst ein måned tom for laks på dei aktuelle lokalitetene.

Det går an å gjere unntak dersom strømodellering sannsynleggjer liten vannkontakt og liten risiko for smittespreiing. Men dersom det blir søkt om akvakultur i områder som ligger nærmare enn Mattilsynets anbefalingar i rettleiar, kan det bli avslag på søknaden, noko som medfører at akvakulturanlegget ikkje kan etablerast.

### **Herøy**

Når det gjeld slakteriet Mowi Processing Eggesbønes og ventemerddlokalitet Eggesbønes, er det viktig at det ikkje blir etablert aktivitet som kan gi økt fare for forureining i nærområda til ventemerddanlegget der det står slakteklar fisk. Dette ut frå omsyn til både fiskevelferd og til mattrygghet.

Med helsing

Kristin Ness  
Avdelingssjef Mattilsynet Avdeling Sunnmøre

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til  
Fiskeridirektoratet Region Midt

#### ADRESSELISTE

Fiskeridirektoratet Region Midt epost: [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

Sande kommune epost: [postmottak@sande-mr.kommune.no](mailto:postmottak@sande-mr.kommune.no)

Vanylven kommune epost: [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no)

Hareid kommune epost: [postmottak@hareid.kommune.no](mailto:postmottak@hareid.kommune.no)

Ulstein kommune epost: [postmottak@ulstein.kommune.no](mailto:postmottak@ulstein.kommune.no)

Herøy kommune epost: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)